Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 101/14

Sak nr.: 2014/11951

Møte: 17.12.2014

UTLYSING - VIKARIATER SOM FØRSTEAMANUENSIS OG UNIVERSITETSLEKTOR I FYSIOTERAPIVITSKAP (MANUELL TERAPI) VED INSTITUTT FOR GLOBAL HELSE OG SAMFUNNSMEDISIN

Professor i fysioterapivitskap Alice Kvåle ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, har søkt om permisjon utan løn i 80% av sin 100% faste stilling som professor. Permisjonssøknaden er for 2 år frå 1. juli 2015 til 30. juni 2017. Kvåle vil i denne perioden ha 20% fast stilling ved instituttet for å ivareta postdoktor stipendiatar og prosjektleiing, ref. sak 14/11232.
Instituttleiar Rolv Terje Lie tilrår permisjonssøknaden i brev av 12.11.2014 samt i e-post datert 3.12.2014. Permisjonen er innvilga, ref. sak 14/11232.

I brev av 2.12.2014 ber Institutt for global helse og samfunnsmedisin om at vikariatet vert lyst ut og gjer greie for korleis dei ønskjer tilsetjing i vikariatet. Brevet er godkjent av Rolv Terje Lie i e-post frå USA datert 2.12.2014.

Instituttleiar og fagmiljøet i fysioterapivitskap ser det som ein stor føremon at vikariatet i 80% stilling vert delt i eit 50% vikariat som førsteamanuensis og eit 30% vikariat som universitetslektor. Båe stillingane bør vere i kombinasjon med ekstern stilling som praktiserande manuell terapeut. Samla vil dei to vikarane ivareta ulike sider av studiet i manuell terapi, både det administrativt/faglege og det fagleg/akademiske med rettleiing og undervisning. Instituttet ber om å få lyse ut vikariatet for perioden frå 1. august 2015 til 30. juni 2017.

Vikariatet er finansiert av gunnbevillinga. Instituttet ber om at vikariatet berre vert lyst ut på norsk då det er krav om gode norsk-kunnskapar, samt ønskje om at søkjer er praktiserande manuell terapeut.

Forslag til vedtak

1. Fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å lyse ut vikariat i fysioterapivitskap (manuell terapi) ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin. Stillinga vert delt i to vikariat 50% førsteamanuensis og 30% universitetslektor, frå 1. august 2015 til 30. juni 2017.

2. Stillinga vert finansiert av grunnbevillinga.

3. Dekan får fullmakt til å gjere endringar i samsvar med gjeldande standard for utlysing og stillingsomtale.

Gerd Johannessen
Seksjonsleiar

Marianne Bø Larsen
Seksjonsleiar rekruttering

03.12.2014 /ELSØ

Vedlegg:
Søknad om permisjon frå Alice Kvåle datert 5.11.2014
Anbefaling frå IGS datert 12.11.2014
Anmodning om utlysing frå IGS datert 2.12.2014
e-post frå Rolv Terje Lie datert 2.12.2014 og 3.12.2014
Utlysingstekst og stillingsomtale

Skannet 10.11.2014 Universitetet i Bergen - DS04

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for global helse og samfunnsmedisin
Fag- og forskningsgruppen i fysioterapi

Universitetet i Bergen
Dokumentsenter 1
10 NOV 2014
Saksnr.

Bergen 5. november 2014

Til
Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet
Institutt ved global helse og samfunnsmedisin
v/ Rolf Terje Lie

Ad Søknad om 80% permisjon fra 100% stilling

Undertegnede vil med dette be om 80% permisjon fra min 100% stilling som professor i fysioterapi i 2 år, fra og med 1. juli 2015 og til 30. juni 2017. I dette tidsrommet kommer jeg til å ha en annen ekstern stilling. Jeg ønsker å beholde 20% stilling ved IGS for å fortsette med forskning og veiledning, hovedsakelig knyttet til fullføring av prosjektet Funksjon, aktivitet og arbeid (FAktA). I tillegg er jeg hovedveileder for Tove Ask og biveileder for Satya Sharma, og forhåpentligvis får jeg rekruttert enda en ny stipendiat i nærmeste framtid.

Fag- og forskningsgruppen i fysioterapi er innforstått med mine ønsker om permisjon og støtter dette.

Hilsen

Alice Kvåle
Professor i fysioterapi
Fag- og forskningsgruppen i fysioterapi

Kopi: Liv Inger Strand, leder for Forskningsgruppen i fysioterapi

Gateadresse: Kalfarveien 31 5018 BERGEN
Postadresse: Postboks 7804 5020 Bergen
Telefon: 55 58 61 00
Telefax: 55 58 61 30

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for global helse og samfunnsmedisin

Til Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse

Dato

12.11.2014

Anbefaling av permisjon for Alice Kvåle

Kvåle ber om 80% permisjon fra sin 100% stilling i 2 år. fra og med 1/7 2015 og til 30/6 2017 for å gå over i ny stilling ved HiB. Hun vil derved beholde 20% fast stilling ved IGS for å fortsette med undervisning knytte til studiet i manuell terapi og til relevant forskning og veiledning. Det legges planer for inndekking av faggruppens undervisningsbehov i denne perioden. Midler som spares vil bli disponert til en vikarordning i Kvåles permisjonsperiode.

Vennlig hilsen

Rolv Terje Lie
instituttleder

Institutt for global helse og samfunnsmedisin
Telefon 55 58 61 00

Postadresse
Postboks 7804
5020 BERGEN

Besøksadresse
Kalfarveien 31
Bergen

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for global helse og samfunnsmedisin

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
2014/11951-ELSØ	02.12.2014

Utlysing av vikariat i fysioterapivitskap (manuell terapi)

Ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin er det ledig eit vikariat i 80 % stilling i to år frå 1. august 2015. Vikariatet er i samband med at professor Alice Kvåle har fått tilrådd permisjon i 80% av si 100% stilling i perioden. Kvåle vil i permisjonsperioden ha 20% stilling ved IGS for å ivareta postdoktor stipendiatar og prosjektleiing.

Etter ei vurdering og i samtalar med fagmiljøet, har me ønskje om å dele vikariatet og ber om utlysing av ei 50% stilling for manuellterapeut med førsteamanuensis-kompetanse (ph.d. grad), og ei 30% stilling for manuellterapeut med universitetslektor-kompetanse (mastergrad i manuellterapi).

Me ser det som ein føremon at dei to stillingane samla (80%) ivaretar ulike sider av studiet, både det administrativt/faglege og det fagleg/akademiske med rettleiing og undervisning. Me ser det og som ein stor føremon at dei som vert tilsett er manuellterapeutar.

Dei som vert tilsett bør vere praktiserande manuellterapeutar av di dei då har eit nært forhold til det dei underviser. Det er dessutan mest realistisk å få søkjarar til stillingane dersom det dreier seg om deltidsstillingar sidan dei fleste manuellterapeutar er privatpraktiserande.

Me ser føre oss at 50% stillinga som førsteamanuensis skal ivareta undervisning, rettleiing og forsking, og at 30% universitetslektor kan stå for dagleg drift, planlegging av studiet, kontakt med praksisrettleiarar samt undervisning og ferdigheitstrening i manuelle teknikkar.

Det er viktig at søkjar kan norsk skriftleg og munnleg og har praksis i Noreg, og me ber om at utlysinga berre vert annonsert på norsk.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for global helse og samfunnsmedisin	Postadresse	Besøksadresse	Sakshandsamar
Telefon	Postboks 7804	Armauer Hansens Hus	Eldbjørg Sanden Søvik
Telefaks	5020 BERGEN	Bergen	+47 55 58 61 42

Venleg helsing

Rolv Terje Lie
Instituttleiar

May Ruth Tolleshaug
Administrasjonssjef

Vedl.

Frå: Rolv Terje Lie
Send: 2. desember 2014 17:01
Til: Eldbjørg Sanden Søvik
Emne: Re: 14/11951 Utlysing av vikariat i manuell terapi

Vekt: Høg

Hei Eldbjørg,
Denne saken er klarert med meg. Jeg hadde skrevet en ny utlysningetekst
med l.tr. 60-70
for førsteamanuensis, og jeg vet ikke hvor den ble av. Siden saken haster
får vi bruke
dette, men jeg er bekymret for rekrutteringseffekten av igjen å
signalisere disse lave
lønnstrinene for førsteamanuensis.

Finansiseringsgrunnlaget er grunnbevilgning og permisjonen til Alice Kvåle.

Rolv T.

Den 02.12.14 13:31 skrev "Eldbjørg Sanden Søvik"
<Eldbjorg.Sovik@mofa.uib.no>:

>Hei,
>Vedlagt finn du anmodningsbrev om utlysing frå IGS samt
>utlysingstekst/stillingsomtale og e-post frå Liv Inger.
>Liv Inger vil gjerne at utlysinga skal koma med som sak på
>fakultetsstyremøtet 17.12. Frist for å levere sak er i morgon!
>
>Kan du sjå om vedlagte er ok, gjere eventuelle rettingar og så sende det
>attende til meg som godkjent?
>Finansiering er grunnbevilling?
>Eg har forstått at du ville lyse ut i eit bestemt lønstrinn. I så fall må
>eg få vite kva lønstrinn det er og så må eg få ok frå Ørjan Hauge evt
>Nina om det.
>
>Fint om du har anledning til dette snarast sidan det hastar veldig.
>
>Venleg helsing
>Eldbjørg
>

Frå: Rolv Terje Lie
Send: 3. desember 2014 16:38
Til: Eldbjørg Sanden Søvik
Emne: Re: Permisjon Alice Kvåle

Vekt: Høg

Kjære Eldbjørg
Jeg bekrefter at Alice Kvåle får innvilget permisjon i 80% og at alle de faglige sidene
ved dette er grundig diskutert mellom meg og fagmiljøet. Utlysning av vikariatstillingene
vil bli for perioden fra 1. august 2015 til 30. juni 2017.

Vennlig hilsen,
Rolv T.

Førsteamanuensis (50% vikariat) og Universitetslektor (30% vikariat) i fysioterapivitskap (manuell terapi)

Ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin er det ledig eit vikariat som førsteamanuensis i 50% stilling samt eit vikariat som universitetslektor i 30% stilling i fysioterapivitskap (manuell terapi) i to år. Søkjar må opplyse kva stilling ein ønskjer. Det er eit ønskje at søkjarane kan kombinere vikariata med klinisk praksis som fysioterapeut/manuell terapeut.

Institutt for global helse og samfunnsmedisin driv forsking og undervisning innafor fagområda allmennmedisin, samfunnsmedisin, epidemiologi, helsefag, medisinsk statistikk og global helse. Instituttet arbeider for å betre helsa i alle grupper av folket gjennom å forske på årsaker til helseproblem og på kvalitet i primærhelsetenesta.

Forskingsgruppa i fysioterapivitskap forskar på tema knytt til akutte og langvarige muskel-skjelettsmerter, og funksjonsproblem knytt til røyrsle og fysisk aktivitet og tek utgangspunkt i både vevspatologi og funksjonsproblem på organ-, aktivitets- og deltakingsnivå. Eit overordna spørsmål er*:* Kva er god fysioterapi, for kven? Gruppa har som eit kontinuerleg mål å utvikle kunnskap av god vitskapleg kvalitet med relevans for fysioterapeutars fagutøving. Den/dei som vert tilsett skal initiere og leia forsking, drive forskingsrettleiing, delta i undervisning av masterstudentar, medisinstudentar og ph.d.-studentar, eksamensarbeid, og ta på seg administrative oppgåver etter dei til ein kvar tid gjeldande reglar.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, finn du lenger nede på sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til **professor Liv Inger Strand, liv.strand@igs.uib.no tlf. 55586123.**

Kvalifikasjonar

For stillinga som førsteamanuensis;
Søkjar til førsteamanuensis må ha ein fysioterapirelevant ph.d.-grad innan muskel-skjelettplager, og det er ein føremon om ein er manuellterapeut.

For stilling som universitetslektor;
For universitetslektor er det krav om å vera fysioterapeut med mastergrad i manuell terapi, samt brei og relevant klinisk erfaring, samt engasjement og interesse for undervisning og studieadministrasjon.

For båe stillingane;

Forsking og undervisningskompetanse innan manuell terapi, muskel- og skjelettplager, klinisk resonnering, helse og sjukdom, samt innsikt i evidensbasert kunnskap og IFOMPT sin standard for utdanning i manuell terapi, vil bli vektlagt.

Det vert lagt vekt på erfaring med leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Vidare vert det lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid både i forsking, koordinering og rettleiing.

Søkjarar må dokumentera undervisnings- og administrativ erfaring, samt erfaring med populærvitskapeleg formidling. God formidlingsevne vert vektlagt.
Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Løn
Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59-62 (kode 1011/lønsramme 24.3-24.6) ved tilsetjing og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. Universitetslektor vert lønt etter lønssteg 49-62 (kode 1009/lønsramme 25.3) etter tenesteansiennitet. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse for stillingsbrøkar frå 40 %. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Vi kan tilby
Eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt. Faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling.

Retningsliner
Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid, og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegla mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren bli varsla om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad
Slik søkjer du stillinga:
Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenka «Søk stillinga» på denne sida.

Legg ved elektronisk:

● CV
● vitnemål
● attestar
● liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar

For vurdering som førsteamanuensis og universitetslektor som driv med forsking:
● fullstendig publikasjonsliste
● ei liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
● **vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10)**

Det er særs viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden (pdf).

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Søknadar sendt på e-post vil ikkje bli vurderte.

Stillingsomtale
Førsteamanuensis/universitetslektor (20 - 80 % vikariat) i fysioterapivitskap (manuell terapi)

Ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin er det ledig eit vikariat som førsteamanuensis i 50% stilling samt eit vikariat som universitetslektor i 30% stilling i fysioterapivitskap (manuell terapi) i to år. Søkjar må opplyse kva stilling ein søkjer. Det er eit ønskje at søkjarane kan kombinere vikariata med klinisk praksis som fysioterapeut/manuell terapeut.

Hovudoppgåver for stillingane er undervisning og teoretisk og praktisk rettleiing av fysioterapeutar under vidareutdanning i manuellterapi, samt undervisningsadministrative oppgåver knytt til dette.
For stillinga som førsteamanuensis vil forsking og vere ei hovudoppgåve.

Undervisning

Det medisinsk-odontologiske fakultet har ansvar for utdanning av studentar innan medisin, odontologi, farmasi, ernæring og helsefag, inklusiv manuellterapi. Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervisning, rettleiing og eksamensavvikling ved Masterprogram i helsefag; Studieretning fysioterapivitskap og Klinisk masterstudium i manuellterapi for fysioterapeutar (MMT), samt delta i forsking innan tematiske satsingar i forskargruppa. Det er ein føremon om søkjaren har kompetanse innan manuell terapi, samt erfaring frå undervisning og rettleiing av mastergradsoppgåver innan fysioterapi for menneske med sjukdom/skader i muskelskjelettsystemet. Utdanninga i manuell terapi er i samsvar med International Federation for Orthopaedic Manipulative Physical Therapists (IFOMPT) sine krav.

Forsking

Forskinga i fysioterapi er primært retta mot tre tematiske områder: Muskel- og skjelettplager, Nevrorehabilitering og Balanse og gangfunksjon. Det arbeider i dag 3 personar i heile vitskapelege stillingar i forskargruppa, 8 personar i 20 % stillingar, 4 i postdoktor stillingar og 8 er doktorgrads-stipendiatar.

Det er ynskjeleg at forskinga skjer i samarbeid med andre forskarar på instituttet eller Universitetet i Bergen. Pågåande forsking bes dokumentert. Den tilsette pliktar til å medverka til aktiv rekruttering og forskingsrettleiing av studentar og stipendiatar, og å fremje forskinga ved universitet og sjukehus. Det er ynskjeleg at forskinga vert knytt opp mot prioriterte forskingsområde ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

Den som vert tilsett har plikt å ta del i undervisning og eksamensavvikling ved instituttet i dei studieprogram og etter dei studieordningar som gjeld til ei kvar tid. Den eller dei som vert tilsett må kvar veke ha fast kontordag ved instituttet og må bidra med studiekoordinering og emneansvar. Det vert lagt vekt på at søkjar har erfaring med studieadministrative oppgåver og er personlig eigna.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det er eit krav at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett, må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjinga. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som blir tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Den som vert tilsett må og på førespurnad eventuelt delta i instituttet sine styringsorgan, utval og anna arbeid.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal leggjast reell vekt på ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan ein til dømes gjere ved å leggje ved:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over mastergrads- og doktorgradsrettleiing, samt resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, slik som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjing skjer på grunnlag av vurdering av vitskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande myndigheit inkludert intervju og eventuell prøving av dugleik i undervisinga.